



Norges vassdrags- og energidirektorat NVE  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

## Høring av fire småkraftverk i Sauda kommune: Risvollelva, Maldal, Øvre Molla og Nedre Molla

**Fylkesmannen rår ifrå ei utbygging av Risvollelva og Maldal kraftverk. For Øvre og Nedre Molla må det etter Fylkesmannen si vurdering settast nærare vilkår for gjennomføring.**

Me viser til brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 04.04.2017, om samla høyringsrunde for søknadar om løyve til fire småkraftverk i Sauda kommune. Det er i alle tilfelle søkt om løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av kraftverk, samt etter energilova til drift av kraftverk med koplingsanlegg og kraftliner.

**Tabell 1:** Oversikt over småkraftverka med sentrale parametarar

Prosjekt	Middel- vassføring (l/s)	Minstevassføring (l/s)	Lengde på påverka elvestrekning (m)	Inst. Effekt (MW)	Slukeemne (m <sup>3</sup> /s)	Prod. (GWh/år)
Risvollelva	1556	150 (1.5-30.9)/ 50 (1.10-30.4)	2150	6,2	3,3	20,3
Maldal	721	93 (1.5-30.9)/ 37 (1.10-30.4)	600	3,0	1,45	4,8
Øvre Molla	407	26 (1.5-30.9)/ 9 (1.10-30.4)	800	1,2	0,9	3,1
Nedre Molla	634	Mollaelva: 31 (1.5-30.9)/ 16 (1.10-30.4) Mollabekken: 7 (1.5-30.9)/ 7 (1.10-30.4)	955 (Mollaelva: 610/ Mollabekken 345)	1,8	1,4 (Mollaelva: 1,148, Mollabekken: 0,252)	4,62

I «Strategidokument for små vannkraftverk i Rogaland» (Rogaland fylkeskommune), deler ein fylket inn i 25 sonar basert på landskapsrom, vassdragsgrenser og/eller nedbørfelt. Dei omsøkte prosjekta ligg innanfor området Sauda-1. Dei lågtreliggande delane av sona tilhøyrar landskapsområdet *Fjordlandskap*, medan dei høgareliggande delane enten er *Dal- og heilandskap* eller *Høgheilandskap*. Mesteparten av området på austsida av Saudafjorden er klassifisert som område med *meget høy landskapsverdi/nasjonale interesse*.

## RISVOLLELVA KRAFTVERK:

### Bakgrunn

Risvollrelva ligg ved Saudasjøen i Sauda kommune, om lag 4 km vest for Sauda sentrum. Risvollrelva kraftverk vil nytte eit fall på 230 meter av Risvollrelva. Inntaket er planlagt på kote 288, like oppstraums Risvollia. Det skal støypast ein betongdam med overlaup mot elva. Damkrona vil vere om lag 2,5 meter høg over ei lengde på om lag 15 meter. Vasspegelen vil ligge på kote 290. Derifrå er det planlagt ein 670 meter lang fullprofilbora tunnel, deretter 1050 meter nedgraven røyrgate på austsida av Risvollrelva.

Kraftverket vil bli plassert på kote 60, nær innlaupet til Fosstveitdammen som er regulert i samband med eit mikrokraftverk. Det er planlagt mellombels anleggsveg langs røyrgata. Det vil bli rusta opp om lag 800 meter skogsbilveg fram til kraftstasjonen, og veg til tunnelpåhogg må òg rustast opp. Lengde på påverka elvestrekning av Risvollrelva som følgje av tiltaket er 2150 meter. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 150 l/s i perioden 1. mai - 30. september og 50 l/s resten av året. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 20,3 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 6,2 MW.

### Naturverdiar med vekt på truga artar og naturtypar

#### *Terrestrisk miljø*

Ecofact Sørvest har vurdert det terrestriske miljøet i tiltaks- og influensområdet, jf. rapport vedlagt søknad<sup>1</sup>. Delar av Risvollrelva inngår i naturtypen bekkekløft, vurdert som *viktig* (B-verdi). I deler av bekkekløfta er det òg førekomstar av naturtypen Rik edellauvskog. I rapporten er edellauvskogen definert inn under naturtypen bekkekløft. Etter krav frå NVE vart det gjennomført ytterlegare ei synfaring av kløfta 14. september 2016. Då bekkekløfta er vanskeleg tilgjengeleg, vart området undersøkt ved hjelp av stikkprøvar der det var mogleg å komme til. Mangfaldet av artar knytt til bekkekløfta var relativt artsrikt, men utan innslag av spesielt sjeldne artar. Enkelte fuktkevrande moseartar vart registrert i bekkekløfta, i eller ved elvestrengen og/eller på fuktige berg i skråningane av bekkekløfta. Bekkekløfta har eit relativt variert utval av artar, men ingen spesielt sjeldne artar vart registrert.

Fleire eksemplar av dei raudlista trea ask og alm, begge **VU -sårbar**, vart registrert. Ask og alm var ifølgje konsulent vanleg til spreidd førekommande langs vassdraget, både i tilknytning til elva og i kulturlandskapet. Funna var såpass mange at dei ikkje er registrert på kart. Ei utbygging av Risvollrelva vil føre til betydeleg redusert vassføring i den delen av Risvollrelva som blir direkte påverka. Dette vil i seg sjølv redusere bekkekløfta si verdi, då ei viss vassføring er ein føresetnad

---

<sup>1</sup> Tysse, T. 2014. Konsekvenser for naturmangfold ved utbygging av Risvollrelva, Sauda kommune. Ecofact rapport 392 – oppdatert 2016.

for kløfta si verdi som naturtype og artane som held til der. Samla sett er tiltaket vurdert til å få middels negative verknader for bekkekløfta.

Naturtypen beiteskog, sett som viktig (B-verdi), ligg like nordaust for røyrtrasé. Beiteskogen vil ifølgje søkjar ikkje bli påverka av utbygginga.

Eit viktig hekkeområde for sporvefuglar er registrert i tilknytning til Risvollselva i øvre delar av utbyggingsområdet. Samla sett er fuglelivet i området vurdert som relativt representativt for distriktet. Ingen sjeldne eller uvanlege artar er registrert i området, forutan ein observasjon av hubro (**EN- sterkt truga**), jf. Ecofact rapport. I artsobservasjonar er den raudlista arten gauk (**NT-Nær truga**) registrert i Risvollia og ved Hovland, og taksvala (**NT-Nær truga**) registrert ved Hovland.

Influensområdet er viktig for lokale bestandar av rådyr. Hare, ekorn, mår og rev er òg vanlege pattedyr i området.

### *Akvatisk miljø*

Anadrom fisk går opp Risvollselva til Fosstveitdammen, der dammen og fossen nedanfor utgjer eit vandringshinder. Tiltaket rør i så måte ikkje ved anadrom strekning av vassdraget. Den raudlista ålen (**VU-sårbar**) er ikkje kjent at finst oppstraums Fosstveitdammen, men er registrert i Rødstjørna, som drenerer til elva nedstraums vandringshinderet.

Aurebestanden i Fosstveitdammen skal ifølgje munnlege kjelder vere i god kondisjon, med fisk på over kiloet. Det skal vere bra mengde med fisk på fleire hundre gram. Risvollselva ovanfor dammen fungerer truleg som viktigaste gyteområde for den stasjonære auren i elva. Fisken kan gå helt opp til ca. 800 meter oppstraums Fosstveitdammen (munnlege kjelder), men gyteforholda er vurdert som dårlege på store deler av denne strekninga. Truleg er det primært dei nedste 200 meterane ovanfor dammen som er det primære gyteområdet. Sjølve bekkekløfta har fleire oppgangshindre, noko som betyr at det berre er eventuelle nedslippsfisk som kan opphalde seg i denne. Det skal være fleire kulpar i bekkekløfta, men ikkje egna gyteareal eller oppvekstområde for ungfisk.

Strekninga ovanfor inntaksområdet skal ifølgje lokalbefolkninga huse stasjonær aure, som bruker strekninga både til å gyte og som oppvekstområde. Botnssubstratet er ifølgje konsulent for grovt til å vere optimalt gytesubstrat.

### *Landskap og friluftsliv*

Inntaket for kraftverket er planlagt ved innfallsporten til friluftsområdet Nordstøldalen. Nordstøldalen er registrert som eit regionalt viktig tur- og skiutfartsområde i Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (Rogaland fylkeskommune, 2004). Dette er ifølgje Fylkesdelplanen eit område der allmenne friluftslivinteresser bør prioriterast.

Tiltaket ligg innanfor område med busetnad, og fører derfor ikkje til ei endring i inngrepsfrie naturområde (INON).

## Fylkesmannen si vurdering

Ut i frå feltarbeid ved Risvolluelva gjennomført av Ecofact kan vi sjå at det er registrert ein del artar med austleg tendens, som er relativt sjeldsynte og mindre vanlege i fylket, t.d. strutseving, maigull, engsnelle, trollurt og skogstjerneblom. Trollnype er registrert som **sårbar (VU)** i norsk raudliste og er svært sjeldan i Rogaland. Elles er det registrert ein rekke moseartar som er mindre vanlege til sjeldne i fylket, t.d. fjellpolstermose, spiss-stråmose, bekkesildremose, dunflette, sprikesleivmose, reipmose, tungetrebladmose og ekornmose. Fylkesmannen er derfor ikkje samd med søkar sin konklusjon om at det i bekkekløfta berre er registrert artar som er vanlege i regionen. Redusert vassføring vil vere negativt for dei fuktkevjangande artane, og vil kunne utarma den viktige bekkekløfta økologisk. At påverka elvestrekning er så mykje som 2 km, gir stor uvisse.

Ut i frå søknad, inkludert rapport frå Ecofact om konsekvensar tiltaket vil få for det biologiske mangfaldet i tiltaks- og influensområdet, kan vi ikkje sjå at det er gjennomført elfiske eller habitatkartlegging i elvestrekninga oppstrøms Fosstveitdammen. Dette er i søknaden vist til som det truleg viktigaste gyteområdet for den stasjonære auren i elva, og truleg det einaste gyteområdet for den lokale bestanden i Fosstveitdammen. Ein veit derfor ikkje med sikkerheit kor stor del av elva auren nyttar som gyteområde, og følgjeleg ikkje dei fulle konsekvensane av tapt gyte- og oppvekstareal. Då den raudlista ålen finst i andre deler av vassdraget, kan ein ikkje sjå bort frå at arten òg kan nytte elvestrekninga oppstrøms Fosstveitdammen. Kunnskapsgrunnlaget om det akvatiske miljøet er etter vår vurdering for dårleg.

## Konklusjon

Av føre-var omsyn, jf. naturmangfaldlova § 9, rår Fylkesmannen frå ei utbygging av Risvolluelva kraftverk. Ved ei eventuell utbygging må NVE vurdere om avsett minstevassføring er tilstrekkeleg for å oppretthalde miljøet for fuktkevjangande artar i bekkekløfta. Det må innhentast kunnskap om elva si verdi som gyte- og oppvekstområde for aure, og lengde på påverka elvestrekning bør kortast ned dersom elva viser seg å ha ein viktig funksjon for aure.

## MALDAL KRAFTVERK:

### Bakgrunn

Maldalselva ligg om lag 5 km sør for tettstaden Sauda, på austsida av Saudafjorden. Vassmengda i elva er i dag betydeleg redusert då det berre er restfeltet igjen etter at vatnet oppstrøms Maldalvatnet blir overført til eit anna kraftverk (Saudafallene). Maldal kraftverk vil nytte eit fall i elva på 141 meter, og inntaket til kraftverket er planlagd på kote 348 i Fjotartjørn. Det er beskrive to alternative plasseringar av inntaket. I alternativ 1 er inntaket tenkt plassert i sørenden av Fjotartjørn. Det må då byggast ein terskel i betong ved utlaupet av vatnet. Terskelen blir 60 cm i høgde over ei strekning på om lag 15 meter. For alternativ 2 er inntaket tenkt plassert ved dagens utlaup av Fjotartjørn. Dam er tenkt plassert på fjellgrunn utan sprenging. Neddemt areal utgjer i størrelsesorden 100m<sup>2</sup>. Frå inntaket er det planlagd ei om lag 700 meter lang nedgraven røyrgate på sørsida av Hekkanstjørna og Maldalselva. Lengde på påverka elvestrekning som følgje av tiltaket er om lag 600 meter. Det er planlagd mellombels anleggsveg langs røyrgata. Det vil òg bli bygd om lag 300 meter ny veg fram til kraftstasjonen. Kraftverket vil bli plassert på kote 207. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 4,8 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 3,0 MW. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 93 l/s i perioden 1.5. - 30.9. og 37 l/s resten av året.

## Naturverdiar med vekt på truga artar og naturtypar

### Terrestrisk miljø

Ecofact Sørvest har vurdert det terrestriske miljøet i tiltaks- og influensområdet, jf. rapport vedlagt søknad<sup>2</sup>. Det er registrert tre naturtypar innanfor tiltaks- og influensområdet: Gammal barskog og gammal lauvskog (Hekkatjørn, **verdi A-svært viktig**), rik edellauvskog (Flesja, **verdi B - viktig**) og fossesprøytsone (Maldalsfossen, **verdi B-viktig**).

Hekkatjørn er ein velutvikla, stor og gammal furu- og lauvskog. I regional samanheng er dette ein særleg viktig lokalitet, sidan gammalskog er sjeldsynt i Rogaland. Begge alternativa for røyrgate trasé vil i stor grad påverke naturtypelokaliteten, og denne blir oppsplitta med en røyrgate tvers gjennom lokaliteten. Det raudlista lavet skorpefiltlav (*Fuscopannaria ignobilis*, **NT-nær truga**) er registrert i området, og konsulent vurderer det som sannsynleg at arten finst fleire stader enn det som er registrert, då det står fleira grove osper langs planlagt røyrtasé. Det er ikkje gjennomført synfaring i røyrtasé alternativ 2.

1/3 av fossesprøytsona vil bli påverka av planlagt utbygging. Konsulent vurderer at den delen av fossesprøytsona som vil bli regulert som følgje av tiltaket, truleg går tapt. Enkelte fuktkrevjande artar vil gå tilbake eller forsvinne frå området. Den mindre vanlege mosearten kulegråmose (*Racomitrium ellipticum*) er nemnt spesielt.

Veg, overføringskabel til nettet og stasjonsområdet vil ikkje påverke den rike edellauvskogen.

Det er registrert tre viltområde som overlappar med tiltaks- og influensområdet. Eit område markert som yngleområde for flaggspett, kvitryggspett og sporvefugl, eit større område merka av som beiteområde for elg og eit stort beite- og trekkområde for hjort som strekker seg parallelt med fjorden. Konsulent forventar redusert bruk av området på kort sikt, men at hjortedyra gjenopptar bruken av området etter anleggsperioden.

Ut ifrå dei registrerte naturverdiane er influensområdet sett til *stor verdi* for biologisk mangfald, spesielt knyttet til skogen.

### Akvatisk miljø

Maldalselva er ikkje oppført som lakse- eller sjøaureførande i Lakseregisteret. Den påverka strekninga er òg heilt utilgjengeleg for anadrom fisk, då Maldalsfossen er vandringshinder<sup>3</sup>. Det er registrert aure både i Kviatjørn og Fjotartjørn (Artskart). I følgje Hans Søndena i Sauda Jeger og Fisk finst det ein tett bestand av småaure i tjerna. I den planlagt regulerte bekkestrengen er levevilkåra for fisk avgrensa, med få eigna gyte- og oppvekstområde. Noko fisk kan likevel gyte i utlaupet av Fjotartjørn. Dette er ikkje undersøkt i den biologiske utredninga i samband med det planlagde tiltaket.

Fossekalen er registrert i området (Artskart). Arten er avhengig av vasslevande insekt, og vil i så måte bli negativt påverka i høve til innskrenka næringssøksområde som følgje av mindre vatn over

<sup>2</sup> Oddane, B. 2012. Maldalselva småkraftverk – Biologisk utredning. Ecofact rapport 226 – oppdatert 2017.

<sup>3</sup> Oddane, B. 2012. Maldalselva småkraftverk – Biologisk utredning. Ecofact rapport 226 – oppdatert 2017.

ei strekning på 600 meter. Verdien området har for hekkande fossekall kan dermed bli redusert ved ei utbygging.

### *Landskap og friluftsliv*

Tiltaks- og influensområdet er innanfor landskapsområdet *Heiområdet mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø*, og er eit nasjonalt viktig dal- og heilandskap. Området er beskrive som eit vilt og særprega landskap med slåande kontrastar mellom fjord og fjell, kulturelement og natur. Tapet av vassdraga mot Saudafjorden er peika på som ei årsak til at dei landskapsmessige verdiane i dag er betydeleg redusert.

Maldalsfossen er eit tydeleg element i landskapet, og kan sjåast frå vestsida av Saudafjorden. Fossefalla er totalt nærmare 200 meter i høgde. Vatnet vil ifølgje utbyggar bli sloppe tilbake i elva før fossefallet, og fossen vil derfor framleis vere eit synleg naturelement også etter at prosjektet er ferdigstilt.

Den planlagde utbygginga ligg innanfor friluftsområdet *Malldal*, eit viktig tur- og skiutfartsområde i Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern, der allmenne friluftsjnteresser bør prioriterast.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Maldalselva har ført vekk om lag 50 % av opphaveleg vassmengd i samband med utbygging av Saudafallene i 2009, men dagens vassmengd og fossesprøytsomar er framleis viktige for mangfaldet av artar i området. Fylkesmannen er samd med konsulent om at minstevassføringa som er sett ikkje vil vere nok til å bevare fossesprøytsoma på regulert strekning, og at område med *fosseberg og fosse-eng* vil forsvinne som følgje av tiltaket. Naturtypen er av NINA vurdert å vere norsk ansvarsnaturtype, der vassdragsregulering er vurdert som den største trusselen for tap av verdi<sup>4</sup>.

Av mindre vanlege artar i Rogaland som vart registrert i tiltaks- og influensområdet er råtedraugmose, planskortemose, bergfoldmose og reipmose. Fleire funn i artslista vedlagt biologisk rapport peikar mot naturtypen *skog med lungeneversamfunn*, ein naturtype med stor artsriksdom og eit viktig element i norsk regnskogsmiljø. Den har sterk tilbakegang i Europa, og Norge har i så måte eit ansvar for å ta vare på naturtypen.

Gammal skog er sjeldan vare i Rogalandsnaturen. Konsulent påpeiker ein viss fare for å påverke raudlistearten skorpefiltlav (NT) om ein bygger ut i området, då røyrtraséane går gjennom eit område med fleire funn av arten og mangelfull feltkartlegging. Av føre-var omsyn (nml. § 9) bør ein unngå inngrep i naturtypen.

Fylkesmannen vurderer at søknaden er mangelfull utgreidd på områda landskap og friluftsliv.

Tap av naturtypen fossesprøytsone (A-verdi) i eit område allereie sterkt prega av vasskraftutbygging, bør etter vår vurdering tale mot ytterlegare utbygging i dette området. Graving av røyrtrasé, vegbygging og anna aktivitet i gammalskog med A-verdi er svært uheldig. Den samla belastninga (nml. § 10) området blir påført som følgje av tiltaket som heilskap bør tilleggast vekt i vurderinga.

---

<sup>4</sup> Aarrestad, P.A., Blom, H., Brandrud, T.B., Johansen, L. Lyngstad, A., Øien, D-I. 2016. Forslag til terrestriske forvaltningsprioriterte naturtyper FPNT. Ansvarsnaturtyper, levested for truede og prioriterte artar og viktige økologiske funksjonsområder. NINA Kortrappport 41. 84 s

## Konklusjon

Av omsyn til dei verdifulle naturtypene registrert i tiltaks- og influensområdet, og då området elles har store landskaps-, natur- og friluftsverdiar, rår Fylkesmannen ifrå ei utbygging av Maldal kraftverk. Vi kan ikkje sjå at produsert mengde fornybar straum er stor nok til å rettferdiggjere dei store naturinngrepa tiltaket fører med seg. Om det likevel blir gitt løyve til utbygging av Maldal kraftverk, må det gjennomførast kartlegging av røyrtasé alternativ 2 før endeleg trasé blir sett. Av omsyn til naturverdiane i området, ber vi NVE legge vekt på gode løysingar for plassering av røyrgate ved ein eventuell konsesjon.

## ØVRE OG NEDRE MOLLA KRAFTSTASJON:

### Bakgrunn

#### *Øvre Molla*

Øvre Molla kraftverk er planlagd i Mollaelva som ligg om lag 8 km sør for tettstaden Sauda, på austsida av Saudafjorden. Inntaket er planlagd på kote 435, i form av eit sideinntak og ein 15 meter lang betongdam med maks høgde på 3 meter. Neddemt areal kan bli om lag 400 m<sup>2</sup>. Det vil gravast ned ei 700 meter lang røyrgate på sørsida av Mollaelva. Lengde på påverka elvestrekning er 800 meter. Det er planlagd mellombels anleggsveg langs røyrgata. Det vil òg bli bygd om lag 100 meter anleggsveg fram til inntaket. Kraftverket vil verte plassert på kote 285. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 3,1 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 1,2 MW. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 26 l/s i perioden 1.5.-30.9. og 9 l/s resten av året.

#### *Nedre Molla*

Nedre Molla kraftverk er òg planlagd i Mollaelva. Mollaelva vil overførast til Mollabekken med eit 200 meter langt røyr. Inntaket er planlagd på kote 145 i Mollabekken, nedstraums utlaupet til eksisterande kraftstasjon Fossane-Molla. Det blir ei 500 meter lang nedgrave røyrgate som følgje av tiltaket. Det er planlagd mellombels anleggsveg langs røyrgata, elles vert eksisterande vegar utbetra og nytta i arbeidet. Det vil òg bli bygd om lag 100 meter ny veg fram til kraftstasjonstomta.

Kraftverket vil verte plassert attmed fjorden på kote 2. Totalt vil påverka elvestrekning vere 955 meter, der 610 meter av Mollaelva og 345 meter av Mollabekken får fråfall av vatn. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 38 l/s i perioden 1.5. - 30.9. og 23 l/s resten av året.

Minstevassføringa vil fordelast mellom Mollaelva, som vil få mesteparten, og Mollabekken, der det vil sleppast 7 l/s heile året. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 4,6 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 1,8 MW.

## Naturverdiar med vekt på truga artar og naturtypar

### Terrestrisk miljø

Ecofact har utarbeidd rapportane med utgreiing av biologisk mangfald i tiltaks- og influensområdet til Øvre og Nedre Molla kraftverk.<sup>56</sup> Innanfor influensområdet til Øvre Molla er naturtypen *Mollaelva* tidlegare registrert, ei bekkekløft av B-verdi<sup>7</sup>. Viktigaste vegetasjonstypar er gråorheggeskogskog, hassel-lågurtskog, småbregneskog og storbregneskog med bjørkedominans. Førekosten av fuktige bergveggar i tilknytning til elva er god, og nedstraums fylkesveg 719 finst eit større fossefall. Av raudlisteartar i området er det funne alm (**VU-sårbar**), skorpefiltlav (**NT-nær truga**) og lavarten *Rinodina sheardii* (**NT-nær truga**).

Tiltaket vil føre til ei betydeleg reduksjon av vassføringa i påverka elvestrekning i Øvre Molla. Naturtypen bekkekløft vil bli direkte påverka, ved at fuktkevrande mose og lavsamfunn blir utsett for uttørking og endring i konkurranseforhold med andre artar. Ei minstevassføring vil ifølgje konsulent truleg vere nok til å oppretthalde det fuktige miljøet i kløfta, då bekkekløfter ofte er vel så avhengige av lokal høg luftfuktigheit. Der topografi, sigevatn i bergveggane og ein stor naturleg nedbørsmengd bidrar til å oppretthalde fukttilhøva. Den raudlista skorpefiltlaven (**NT-nær truga**) veks i fuktige kystskogar, på stammer av eldre lauvtrær. Konsulent har vurdert at arten ikkje er utsett, då den ikkje er direkte avhengig av vasstraumen i elva.

I tiltaks- og influensområdet til Nedre Molla vart det av konsulent avgrensa to bekkekløftar *Mollaelva*, verdi B, og *Mollabekken*, verdi C. Fråfall av vatn i naturtypene vil ifølgje konsulent ha same effekt som beskrive for Øvre Molla ovanfor. Av raudlista artar er det funne alm og ask, begge **VU-sårbar**.

Røyrгатетraséen for Nedre Molla kraftverk, mellom Mollaelva og Mollabekken, vil i all hovudsak gå over dyrka mark og gjennom eit gardstun. Vassvegen vidare frå inntaket i Mollabekken og planlagt kraftstasjon vil gå gjennom overflatedyrka mark, ung lauvskog og granplanteskog. Tilkomstveg og overføringskabel til nettet vil delvis følgje eksisterande driftsveg og delvis gå i same trasé som røyrгата. Stasjonsområdet vil føre til direkte arealbeslag, men vil ifølgje konsulent berre røre ved triviell skog.

Øvre og Nedre Molla kraftverk ligg begge innanfor eit større beite- og trekkområde for hjort. Nedre Molla er i særleg del innanfor eit beiteområde for rådyr. Konsulent påpeiker at artane vil bli forstyrra i anleggsfasen, med forventna redusert bruk på kort sikt, men at den gjenopptar bruken av området når anleggsperioden er over. Det vart berre registrert vanlege førekomande spurvefuglar under synfaring i tiltaks- og influensområda til Øvre og Nedre Molla kraftverk. Leveområda deira vil ifølgje konsulent normalt berre bli påverka dersom inngrep og forstyring skjer i nærleiken av reiområde. Utbygginga vil berre gi marginale negative reduksjonar av hekkebestandane for denne fuglegruppa i planområda.

### Akvatisk miljø

Mollaelva er ikkje registrert som lakse- eller sjøauførande i Lakseregisteret. Eksisterande vasskraftverk og eit større fossefall 30-40 meter oppstraums utlaupet er av konsulent peika på som vandringshindre. Konsulent reknar elva som fisketom, då det ikkje finst bekkeare i planområda og

<sup>5</sup> Strøm, K.B. 2012. Vетrhus småkraftverk – Biologisk utredning. Ecofact rapport 244 – oppdatert 2016.

<sup>6</sup> Oddane, B. 2012: Nedre Molla småkraftverk – Biologisk utredning. Ecofact rapport 247 – oppdatert 2016.

<sup>7</sup> Jordal, J.B. & Johnsen, J.I. 2008. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2007. Fylkesmannen i Rogaland miljørapport nr. 1-2008.



det ikkje er ovanforliggende vatn. Det er ikkje gjennomført systematisk kartlegging av elvemusling i påverka elvestrekningar, men konsulent vurderer at det er lite sannsynleg at arten finst i vassdraget på grunnlag av dårlege habitattilhøve og mangel på vertsfisk. Det er ikkje registrert ål i elva. Elva er sannsynlegvis nytta som hekke- og leveområde for fossefall og vintererle.

### *Landskap og friluftsliv*

Tiltaks- og influensområdet til Øvre og Nedre Molla kraftverk ligg innanfor landskapsområdet *Heiområdet mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø*, og er eit nasjonalt viktig dal- og heilandskap. Området er beskrive som eit vilt og særprega landskap med slående kontrastar mellom fjord og fjell, kulturelement og natur. Tapet av vassdraga mot Saudafjorden er peika på som ei årsak til at dei landskapsmessige verdiane i dag er betydeleg redusert.

Større, samanhengande naturområde med urørt preg har ein sjølvstendig miljøverdi. Øvre Molla prosjektet vil føre til at om lag 0,24 km<sup>2</sup> inngrepsfri natur som i dag er mellom 1-3 km frå inngrep vil gå tapt. Tiltaket er innanfor eit område som allereie har store spor etter menneskeleg aktivitet i form av veger, mikrokraftverk og skogbruk.

Tiltaks- og influensområdet til Nedre Molla kraftverk er i dag i hovudsak brukt til beite-, jord- og skogbruk. Ut over jakt på rådyr og hjort er ikkje området i bruk til rekreasjon og fritidsforemål. Vassdraget som er påverka av vasskraftprosjekta Øvre og Nedre Molla er ikkje fiskeførande, og er derfor ikkje brukt til fiskeforemål.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Skorpefiltlav og lavarten *Rinodina sheardii*, begge **NT- nær truga**, er funne i tiltaks- og influensområdet til planlagt kraftverk i Øvre Molla. Dei fuktkevjangande artane sprikesleivmose og krussleivmose er sjeldne i regionen. Ein rekke mindre vanlege artar for Rogaland som er registrert i området er bergfoldmose, stubbesigd, rugledraugmose og fjellpolstermose.

I tiltaks- og influensområdet for Nedre Molla kraftverk, er det med unntak av bekkekløfta få naturverdiar knytt til tiltaksområdet. Sprikesleivmose er sjeldan i Rogaland, og bergfoldmose, dunflette, almeteppepose og ekornmoser er mindre vanlege artar. Av raudlisteartar er alm og ask registrert (**VU-sårbar**).

Ut over tap av leveområde for fossefallet, er konsekvensane av tiltaka knytt til det akvatiske miljøet minimale.

Tap av vassføring vil føre til tap av verdi i dei registrerte bekkekløftene, då dei er avhengig av stabile fuktforhold. Skogen i dei bratte skråningane i den avgrensa naturtypen er ein viktig del av kløftemiljøet og hjelper òg å oppretthalde den lokale fukta. Fylkesmannen er samde med konsulent om at det i ein eventuell konsesjon bør leggest inn eit vilkår om hogstforbod i bekkekløftene for å sikre skogen slik at ein held på fukta på tross av redusert vassføring.

Fylkesmannen ønsker å trekke fram potensielle skadeverknadar av tiltaket på fossefall og fuktkevjangande artar, og er usikker på om avsett minstevassføring er tilstrekkeleg for å oppretthalde livsvilkåra deira. Av omsyn til fossefall og fuktkevjangande artar, oppmodar vi NVE til å sjå på moglegheitene for å sette vilkår om auka minstevassføring på sommarstid, jf. naturmangfaldlova §12, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Erfaringar frå tidlegare utbyggingar viser at å grave ned rørgater gir eit betydeleg arealbeslag og følgeleg tap av biologisk mangfald. I om lag 20 meter breidde langs traséen blir opphaveleg vegetasjon sterkt påverka. Då rørgata for Nedre Molla stort sett går over dyrka mark, overflate-dyrka jord og planteskog, legg tiltaket beslag på lite verdifullt areal i biologisk samanheng. Dersom røyr i dagen fører til at behovet for 20 meter breidde på rørgata fell bort, ber Fylkesmannen NVE vurdere denne løysinga på delar av strekninga for Øvre Molla kraftverk der det biologiske mangfaldet har høg verdi.

Då kraftstasjonen for Nedre Molla kraftverk ligg ved opent vatn, er det naudsynt at ein set vilkår om støydempende tiltak i ein eventuell konsesjon.

## **Konklusjon**

Ved ei utbygging av Øvre og Nedre Molla kraftverk, må det settast nærare vilkår for gjennomføring som nemnd over.

Med helsing

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

Erik Cockbain  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Annette Fosså  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 20  
E-post: fmroafo@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Sauda kommune Postboks 44 4201 Sauda

## **Vedlagt tabell 2:**

### **Oppsummering av nasjonale og viktige regionale naturverdiar**

**Tabell 2:** Nasjonale og viktige regionale naturverdiar lagt til grunn for Fylkesmannen sine vurderingar<sup>8</sup>

	Natur- typar	Raudlista og/eller truga artar	Saman- hengande natur- område med urørt preg	Geologisk natur- mangfald	Friluftsliv inkl. «vakre landskap i Rogaland»	Tilråding frå Fylkesmannen
Risvollrelva	Bekke- kløft ( <b>Viktig- B</b> ), Beite- skog ( <b>Viktig- B</b> )	Ask ( <b>VU- sårbar</b> ), alm ( <b>VU-sårbar</b> ), gauk ( <b>NT- nær truga</b> ), taksvale ( <b>NT-nær truga</b> ), trollnype ( <b>VU-sårbar</b> ), Hubro ( <b>EN- sterkt truga</b> )	-	-	FINK: <b>Regional</b> betydning for friluftsliv (ved innfallsport).	Rår ifrå
Maldal	Gammal barskog og gammal lauvskog ( <b>Svært viktig - A</b> ), Fosse- sprøyt- sone ( <b>viktig- B</b> ), rik edellauv- skog ( <b>viktig - B</b> )	Skorpefilt- lav ( <b>NT-Nær truga</b> ), Gauk ( <b>NT- nær teuga</b> ), Taksvale ( <b>NT- nær truga</b> ), hare ( <b>NT-nær truga</b> )	-	-	Dal- og heilandskap, <b>Nasjonalt</b> viktig landskap.  FINK: <b>Regional</b> betydning for friluftsliv.	Rår ifrå
Øvre Molla	Bekke- kløft ( <b>Viktig - B</b> ),	Alm ( <b>VU- sårbar</b> ), Skorpefiltlav ( <b>NT-nær truga</b> ), <i>Rinodina sheardii</i> ( <b>NT- Nær truga</b> )	Tap av 0,24 km <sup>2</sup> inngreps-fri natur meir enn 1-3 km frå inngrep.	-	Dal- og heilandskap, <b>Nasjonalt</b> viktig landskap.	På vilkår
Nedre Molla	Bekke- kløft ( <b>Viktig B</b> ), Bekkekløf- t ( <b>Lokalt viktig - C</b> )	ask ( <b>VU- Sårbar</b> ), alm ( <b>VU-sårbar</b> )	-	-	Dal- og heilandskap, <b>Nasjonalt</b> viktig landskap.	På vilkår

<sup>8</sup> Basert på [rundskriv T-2/16](#) «Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis».

